

3 Liebåtar hos Eidsvik

11.12.2011



**Det er ikkje minst det tette samarbeidet med
Liegruppen i Straume på Sotra som igjen har gjeve
lysare tider for Eidsvik Skipsbyggeri.
Og dette sambandet kan vel knapt
markerast sterkare enn no, for no ligg gruppen
sine 3 blå båtar
samla ved kaia i Uskedalen for ymse arbeider.**

*Innerst ligg Libas som med sine 94 meter er den største
fiskebåt i landet. Det er ein kombinert ringnotbåt og trålar som
også blir nytta til forskning og offshore. Han vart bygd i 2004.

*Båt nummer 2 er Ligrunn som er ein snurpar og 66 meter lang.
Dette er den tidlegare danske Geysir, og han var klår i
forlenga skipnad i 1997.

*Båt nummer 3 er ringnotbåten Liafjell som er 'berre' 39 meter.
Han vart forlenga ifjor. Denne var tidlegare kystbåten Fjelldur.

*Utpå nyåret kjem så skroget til den nyskapande miljøbåten
Nye Liafjord som har vore under
arbeid i Klaipeda i Litauen sidan i vår og som Eidsvik skal
utrusta.
Eidsvik har etter kva uskedalen.no erfarer nyleg vore på verftet
og konstatert at jobben i Baltikum

går stort sett etter planen.

Mykje taler for at Eidsvik også får utrustinga av ein båt nummer 2.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen